



Abchus AS  
Postboks 399  
1401 SKI

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/88 - 18/13724

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:  
26.06.2018

## Godkjenning- igangsetjingsløyve og endringsløyve på GBNR 23/34 Frekhaug bustad

**Administrativt vedtak. Saknr: 144/2018**

**Tiltakshavar:** Eivind Eikanger Namdal, Lena Melanie Steinhoff  
**Ansvarleg søkjar:** Abchus AS  
**Søknadstype:** Søknad om igangsetting og endring av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-1, jf. § 21-2, 5. ledd.

### SAKSUTGREIING:

Ansvarleg søkjar har søkt om endring av rammeløyve frå Meland kommune dagsett 31.01.2018, DS - 20/2018.

Vidare er det sendt inn ny søknad om løyve til igangsetting( IG) av tiltaket og søknad om endring av plassering av mur mot grense med gbnr 23/568. Nå søkjast det om plassering av mur i grensen på avstand 0 meter til nabogrense på Gbnr 23/568 i samsvar med samtykkje frå eigar av 23/568.

Endringa går på avstand frå omsøkte mur til nabogrensa med Gbnr 23/568. Det er motteke søknad om tilkopling til kommunalt VA-anlegg den 26.06.18.

### VURDERING:

Med tilvising til innsendt søknad med vedlegg, samt grunngeving gitt i følgjeskriv dagsett 19.6.2018, vurderer administrasjonen at føresetnadene for å gi endringsløyve som omsøkt er tilstades. Vidare vurderer administrasjonen at føresetnadene for å gi igangsetjingsløyve som omsøkt er tilstades, jf gjennomgangen nedanfor.

### Nabovarsel:

Tiltaket er ikkje nabovarsla då eigar av Gbnr 23/568 har samtykka til ny plassering av muren i nabogrensen i skriv datert 09.06.18. Administrasjonen vurderte at det er ikkje trong for ny nabovarsling.

### Ansvarsrettar:

---

**Postadresse**

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

**Kontakt**

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Ansvar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar og oppdatert gjennomføringsplan versjon 3, dagsett 19.6.2018.

### **VEDTAK:**

«Meland kommune godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 20-1, jf § 21-4, søknad om endring av rammeløyve som omsøkt. Det blir vist til søknad om endring med vedlegg journalført motteke 21.6.2018, samt vedlagt ny godkjent situasjonsplan, datert 25.05.17, motteke 21.06.18. Ny plassering av mur på avstand 0 meter til nabogrense mot Gbnr 23/568 godkjennast i samsvar med vedlagt samtykkje frå eigar av Gbnr 23/568, datert 09.06.2018.

Rammeløyvet av 31.01.18 gjeld elles så langt det ikkje er endra gjennom føreliggjande vedtak.

Vidare gir Meland kommune løyve til igangsetting av tiltaket som omsøkt, jf pbl § 21-4. Det blir vist til søknad om igangsettingsløyve med vedlegg journalført motteke 21.06.18. Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar, jf pbl kap 23 flg.

Tiltaket skal elles gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av pbl, så framti ikkje anna følgjer av vedtak ovanfor eller rammeløyvet av 31.01.18.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkelloven.

Meland kommune godkjenner at bustad på gbnr 23/34 vert knytt til kommunalt VA-anlegg på følgjande vilkår:

- Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningslinjer og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje standard abonnementsvilkår for vatn og avlaup, jf. kommuneforlaget.
- Tilknyttinga skal skje i kum. Melding om dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast til kommunen når tilknyttinga er utført. Ta kontakt med kommunen si driftsavdeling for tilvising av plassering.
- Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding om dette til kommunen.
- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ, der tilknytingsgebyret for vatn er kr 20 000,- og for kloakk kr 20 000,- pr. bueining + mva.»

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt og i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Byggjeløyvet fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år, eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf pbl § 21-9.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunnigjeven.

#### *Avfall*

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

#### *Ferdigstilling*

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

*Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.*

*Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.*

*Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.*

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Larissa Dahl  
Konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Vedlegg:**

GBNR 23/34 søknad om igangsettingstillatelse

Følgeskriv

ansvar betong+ricky

ansvar+grunn

Ansvarsrett\_hjelms+rrlegger

Gjennomføringsplan

Lypetona+Ansvar

Soeknad+om+ansvarsrett\_1.pdf iec

Soeknad+om+ansvarsrett\_2.pdf straume våtrom

Soeknad+om+ansvarsrett\_3.pdf terratec

GBNR 23/34 søknad om endring av gitt tillatelse

Følgeskriv

1170326 - Catrine - Arkitekttegninger - 15.06.2018

1170326 - Situasjonsplan - 25.05.2018

**Vedlegg:**

avstandserklæring steinhoff  
Gjennomføringsplan

**Kopi til:**

Eivind Eikanger Namdal  
Eivind Eikanger Namdal, Lena  
Melanie Steinhoff

Mykingvegen 153 5913  
Nedre Mølster 3A 5705

EIKANGERVÅG  
VOSS

**Mottakrar:**

Abchus AS

Postboks 399 1401

SKI